



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Birthe Lill Christiansen, 5557 2235

Vår dato
20.02.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/2207
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Melding om tilsyn - Rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming i Lindås kommune

Etter helse- og omsorgstenestelova § 12-3 skal Fylkesmannen føre tilsyn med kommunen sine lovpålagde plikter etter kapittel 9.

Fylkesmannen melder med dette tilsyn med Lindås kommune 25. og 26. april 2017.

Føremålet med tilsynet er å undersøkje om kommunen rettar seg etter lova sine krav når det gjeld bruk av tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming.

Tilsynet vil omfatte følgjande områder:

Om kommunen sikrar at tenester etter helse- og omsorgstenestelova § 3-2, nr 6, bokstav a-d overfor personar med psykisk utviklingshemming blir utført i samsvar med reglane i helse- og omsorgstenestelova kapittel 9.

Tilsynet blir gjennomført som systemrevisjon. Det vil seie at vi innhentar og går gjennom skriftleg dokumentasjon og intervjuar leiarar og andre tilsette i tenesta.

Under opningsmøtet vil Fylkesmannen gje ein orientering om tilsynet. I sluttmøtet vil det bli lagt fram funn basert på dokument, intervju og verifikasjonar.

Konklusjonane frå tilsynet vil bli presenterte i ein eigen rapport. Rapporten er offentleg.

Fylkesmannen ber om at vi seinast innan 31. mars 2017 får tilsendt følgjande dokumenter som grunnlagsmateriale for tilsynet:

- Organisasjonsoversikt eller andre dokument som viser kven som har kva funksjonar, ansvar, mynde og oppgåver overfor personar med utviklingshemming
- Oversikt over tenestestader i kommunen der det blir ytt tenester til personar med utviklingshemming
- Delegasjonsreglement og/eller andre dokumenter som viser korleis vedtaksmynde, særleg etter helse- og omsorgslova kapittel 9, er delegert
- Kommunen sine planar for opplæring av tilsette
- Aktuelle prosedyrar/rutinar og retningslinjer som gjeld bruk av tvang
- Meldingar om skadeavverjande tiltak i naudsituasjonar som ikkje allereie er sendt oss

- Meldingar om skader på tilsette/tenestemottakarar
- Kommunen sine eventuelle egne interne tilsynsrapporter
- Andre dokument som kommunen meiner kan være relevant for tilsynet.

Dersom dokument som vert sendt oss er unnateke offentlegheit, ber vi om at det går tydeleg fram.

Framlegg til program for tilsynet blir sendt kommunen i veke 15. Tidspunkt for opnings- og sluttmøte og oversikt over kven som skal intervjuast vil gå fram av programmet.

Frå vår side er det ønskeleg at alle som blir satt opp til intervju, kan delta på opningsmøtet og sluttmøtet. Fylkesmannen ber om at kommunen stiller møterom til disposisjon for tilsynet, og at projektor er tilgjengelig på opnings- og sluttmøtet.

Tilsynet vil bli gjennomført av Torill Vebenstad, Ørjan Moldestad og Birthe Lill Christiansen med sistnemnde som tilsynsleiar.

Fylkesmannen ber om at kommunen peikar ut ein kontaktperson under førebuinga av tilsynet, og at namnet blir meldt Birthe Lill Christiansen seinast innan 10. mars 2017 på e-post fmhoblc@fylkesmannen.no

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Birthe Lill Christiansen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.